



Vest-Telemark
VIDAREGÅANDE SKULE

Vil du bli tømrar, røyrleggar, kokk eller servitør?

Nye studietilbod på Vest-Telemark vidaregåande skule





Nye studietilbud
på Dalen

Er du lei av skulebenken og klar for arbeidslivet?

Hausten 2022 startar vi opp nye yrkesfaglege utdanningar som kan vere akkurat det du ynskjer deg.

Det nye opplæringstilbodet kallar vi vekslingsmodellen. I staden for fem dagar på skulen, går du delvis på skulen og er delvis på arbeid. Du får opplæring i bedrifter, og det blir mykje praktisk arbeid.

Du kan bli tømrar eller rørleggjar. Du kan også gå restaurant og matfag, då kan du bli kokk, ernæringskokk eller servitør.

Fleire verksemdar i Vest-Telemark ventar på å få lære deg opp! Det einaste som manglar, er at du vil til dei!

Vest-Telemark vidaregåande skule ligg på Dalen i Tokke kommune.

Foto Dag Jenssen

Kvifor meir praktisk arbeid?

- Fordi vi trur mange lærer meir når dei gjer ting sjølve.
- Fordi mange forstår teorien betre ved å gjere det i praksis.
- Fordi mange likar praktisk arbeid betre enn skule.
- Fordi du lærer betre når du trivst og har det bra.



Eitt av dei nye yrkesfaga vi tilbyr, er rørleggar.

Foto Getty Images

Korleis er utdanninga lagt opp?

Ordninga blir kalla «vekslingsmodell» fordi opplæringa vekslar mellom skule og arbeid i bedrift i alle skuleåra fram til fagprøve.

Dei fyrste tre åra vil du ha faste dagar på skulen på Dalen, og faste dagar som lærling ute i bedrift. Dei siste 1–1,5 åra vil du vere lærling på fulltid og førebu deg til fagprøve.

På skulen skal du ha matte, naturfag, samfunnsfag, engelsk og norsk saman med elevane i andre yrkesfagklasser. Du vil få undervisning i den delen av yrkesteorien som er lettare å lære på skulen enn ute i bedrift.

Korleis søker eg

Sidan utdanninga er lagt opp slik at du får status som lærling med ei gong, må du sende søknad direkte til skulen. Frist: 1. mars.

- » Søk direkte via skulen si nettside.
- » Fyll inn søknadsskjema og legg ved karakterar frå 1. termin.
- » Legg gjerne ved attestar frå sommarjobbar og anna erfaring.
- » Søkarar blir kalla inn til intervju.

OBS! Hugs at du må søke andre utdanningar i VIGO i tillegg.

” Opplæringa vekslar mellom skule og arbeid i bedrift



Bedrifter frå Haukeli til Seljord ynskjer seg ungdommar som skal ta fagbrev. Kanskje er du den rette?

Foto: Getty Images



Tømrarfaget går aldri av moten, og næringa skrik etter fleire med fagbrev.

Foto: Stina Glømme

For meir informasjon

Vest-Telemark vidaregåande skule

Storvegen 195, 3880 Dalen

35 91 97 00



Lars R. Kleve

Avdelingsleiar

Yrkesfag

E-post: lars.kleve@vtfk.no

Telefon: 35 91 97 00



Elisabeth L. Taraldlien

Fagkoordinator


E-post: elisabeth.taraldlien@vtfk.no

Telefon: 949 71 208

Vil du sjå kva andre utdanningstilbod vi har på Vest-Telemark vidaregåande skule?

Sjå her: www.vtfk.no/skoler/vest-telemark-vgs/

Her vil du også finne mykje praktisk informasjon, til dømes om korleis det er å bu på hybel på Dalen, om skuleskyss og om elevtenester.



Følg oss på:



facebook.com/VTVGs



[vesttelemarkvgs](https://www.instagram.com/vesttelemarkvgs)



**Skaff deg fagbrev
som kokk eller
servitør**

Foto: Paal-André Schwital



Vestfold og Telemark
fylkeskommune
vtfk.no

Postadresse: Postboks 2844, 3702 Skien

Besøksadresser: Fylkesbakken 6, Skien / Svend Foynsgate 9, Tønsberg

Kontakt: 35 91 70 00 / post@vtfk.no